

# Ingebjørg Lognvik Reinholdt

---

SELJORDSONGAR

Klokkur som ringjer deg heim





Kari Øverland Dale med rake

Heim er Seljord, med Trollebotn og Seljordshei og alle dei andre stadene i barndomsriket som det knyter seg så mykje musikk og soger til. Denne innspelinga er godbitar frå ei samlarferd utanom allfarveg i heimbygda. Kari Dale (1863–1950) og Olea Crøger (1801–1855) er viktige kjelder. Dei møttest aldri, men nedteikningane til Crøger dukkar ofte opp i liknande variantar hjå Dale, det er ein einsleg, dirrande streng tilbake til Crøgers tid.

Kvedaren Ragnar Haugstøl opna ei skattekiste for meg i barndomen. Songane i kista var levande, både i tradisjonen, og i mitt univers. Dei trægga fantasien slik berre ei enkel, naken stemme kan.

Agnes Buen Garnås, Kari Lønnestad og Øyonn Groven Myhren har synt meg at kista var fullare enn eg kunne drøymt om, og fyld med endå fleire fargar.

Med denne utgjevinga, eit lite tverrsnitt av Seljordstradisjonen, gjev eg ljós til nokre av desse skattane som har ligge i skuggen, og gir dei vidare til deg.

## 1. EG RÅDE VIL ALLE

Tekst av Kjell Oskar Selman (1983)

Tone etter Magnhild Almhjell, Tingvoll

Denne visa lærde eg av Kjell Oskar Selman. Han var innflyttar og gjekk med både hipsterhatt og veske, likevel vart han ein folkekjær visesongar, forfattar og journalist i Seljord. Han var med og få i gang eit aktivt vise-miljø i bygda. Denne visa tileigna han Amnesty. Sjølv brukta han folketonen frå Romsdalen på «Jeg råde vil alle i ungdommens dage», men eg har vald ein annan. Her snakkar ungdommen til dei vaksne. Det er ikkje for seint å tenkje seg om.

*1. Eg råde vil dei som har makta i verda  
at dei no i tide må tenkje seg om  
Som trugar vår klode med bomba og sverda  
og trur det er dei som skal halda Guds dom  
Kven ser ei jord som frys,  
og då vil sløkkje lys?  
Når dagen er omme ein ny dag skal komme  
Det er'kje for seint til å tenkje seg om*

## 2. Eg råde vil dei som sit mektige, blinde

*Dei kloke og harde og gråe som Stein  
Som reknar med noko i verda å vinne  
om verda er tom for oss alle som ein  
Kven fylgjer steg for steg,  
ein blind som viser veg?  
Når dagen er omme ein ny dag skal komme  
Det er'kje for seint til å tenkje seg om*

## 3. Og du som har ingen du elskar hell hatar

*Og veit inga ulukke før ho er skjedd  
Og du som er taprast av tapre soldatar  
men ikkje har mot til å vere litt redd  
Lyd meir enn ørvighet,  
ditt hjarte og ditt vet.  
Når dagen er omme ein ny dag skal komme  
Det er'kje for seint til å tenkje seg om*

## 4. Eg råde vil alle, så alle skal kjenne

*at jorda er einaste jorda vi har  
Så aldri i verda vi kallar tilbake  
dei dagan, den bomba, den krigen som var  
Rekk fram ei hand for fred  
knyt neven din på det.  
Når dagen er omme ein ny dag skal komme  
Vår klode ser aldri at sola går ned*



Kari og mannen Olav Dale

## 2. HJURINGVISE

---

Tekst av Lavrants Øverland  
Tone etter Kari Dale

---

Ei vise om ekte gutar og påfunne hendingar, står det i notene. Viseteksta fann eg i Rikard Berge sitt kapittel i boka «Kivlemøyarne, sogur og dikt, helsing til Olaf Sveinsson på 75 aars-dagen hans» og der fins det også fleire vers om bjonnejakt og sprell.

Rikard Berge gjorde både nedskrifter etter, og voksrulloptak med Kari Dale.

Kari Dale budde i Trollebotn inne på Seljordshei, langt frå bygda. Første gong eg køyrdie dit, trudde eg at eg hadde køyrd meg bort og inn i ein anna dimensjon. Så langt inni skogen kunne vel ingen bu. Der voks Kari opp i ein kunstnarisk familie, ho var ei kvikk dame heile sitt liv. Opptaka frå 1917 er skrapete og hakkar og susar, men den klare, lette stemma til Kari, og den elegante, men også liketil og rettfram songstilen er ein skatt for alle som gidder å lytte seg inn. Repertoaret er verkeleg den meste

kuriøse blandinga av drøye og åndelege viser, middelalderballader og bittevers. Ein song for ei kvar anledning.

## 3. KIVLEMØYANE ETTER OLEA

---

Notenedskrift av Olea Crøger

---

Eit lite brukav vek av lydarslåtten Kivlemøyane. Den einaste instrumental-slåtten som vi veit er skiven ned av Olea Crøger.

Olea Crøger vert rekna blant dei første folkevise- og folkeminnesamlarane i Noreg. Ho voks opp som prestedotter i Heddal. I 1839 flytte ho til Seljord der ho kjøpte og dreiv garden Hegnir saman med to systrar. Ho var ei uvannlig kvinne som inviterte fattige folk heim på kaffe og god mat, og skreiv ned historiar og songar. Ho samla frå Seljord, Heddal, Hjartdal og Kviteseid. Olea møtte mykje motstand, antakeleg fordi ho gjekk i bresjen for det som vart sett på som ein mannskultur. Ho gjorde aldri krav på noko ære for dette. I dag veit me at store

delar av Landstads Norske Folkeviser og Lindemans Norske Fjeldmelodier, har Olea samla. Når ho ikkje samla sjølv, samarbeidde ho med dei andre samlarane, og viste dei vegen til dei beste kjeldene.

#### 4. ÅSMUND FREGDEGJEVA

##### DEL I

Tekst nedteikna av Landstad/Croger i hovudsak etter Lavrans Groven, 1840

Tone etter Høyre Strand

Eg har alltid lika lange, spennande, fantastiske historiar. Då fann denne 63 vers lange middelalderballaden, kjendest det umogleg å korte ned til under 31 vers. Difor let eg ho ligge i mange år. Men då eg fann ein merkeleg, mystisk og mørk melodi på eit skrapete, mystisk voksrullopp tak, var det som ho kalla på meg att. Og når O.M. Sandvik hadde skrive ned endå ein tone frå Seljord, måtte det berre bli. Delt i fire og spreidd utover plata som ei innramming, ein

raud tråd. For å minne om at det fort-satt går an å fortelje dei lange historiane.

Visa skal vere basert på ein norrøn islandsk saga. Ho fortel om heile ferda til Åsmund Fregdegjevar, som blir beden om å segle til Trollebotn og berge dotter til kongen frå Skomegygri, ei enorm bergekjering og hennar hær av troll og skrømt. Ho inneheld alle tinga ei god fantasyforteljing har. Ei overmakt, ei usannsynleg vanskeleg oppgåve og ein kløktig helt som risikerer alt for sjansen til å vinne stort.

Det er vel den me alle ynskjer å vere, den som tør å vere redningsmann, som tør å gå først inn i mørkret, i det ukjende. Men ofte er det ikkje å kome seg inn som er er den største utfordringa, men å kome seg heim att.

Mennesket har alltid vore redd for, og drege mot, det ukjende. Om det er det mytiske kalde nord eller det uendelege svarte universet. Det er vel difor desse historiane aldri sluttar å fascinere.

Landstad skriv at fregd, fræg tyder berømt eller tapper. Knut Liestol

Imma, Steinar  
og Dordi Dale  
med ukjent  
felespelar



Trollebotn

meiner det kjem frå islandsk og tyder troll, og at gæva tyder lukke. Denne ballada er berre funne i Øvre Telemark, i over 90 variantar. Språket er nokon gonger vanskeleg, men gir ho også eit ekstra drag av ei anna verd.

## 5. REVEN OG BONDEN

Etter Kari Dale

Resten av tekstversa frå Landstad

Ofte er reven skurken i desse historiane, men også den slu, smarte, som kan snakke seg ut av ting. Men av og til er skurken den same som i røynda, det farlegaste rovdyret i verden, nemleg oss. Denne syng Kari som ei skikkeleg røvarvise.

## 6. BRURA HANS PER I LI

Etter Kari Dale

Resten av teksta (eit utval) frå Landstad

Denne har tydelegvis vore veldig populær. Teksta er lang, og finnast mange stader med mange ulike melodiar. Så dei hadde nok gold diggers før i tida også. Stakkars Per i Li

## 7. ALLE MENNAR HADDE FØTAR

Etter Kari Dale

Desse tre versa er etter Kari Dale. Eg lovar. Det siste er ikkje med på innspelinga, men i notatene etter Rikard Berge.

## 8. HUGING 1

---

Etter Imma og Dordi Dale

---

Eg lærte meg ei fantastisk laling etter Imma og Dordi, døtrene til Kari Dale. Men den passa liksom ikkje inn nokon stad her. Så eg har gjort som med julepresangen til vesle Jensemann, og spikka den ned til nokre små nyttige snuttar som introduserar fortsettelsane på historien om Åsmund. Som ei slags fanfare. Slike fanfarer, når dei rope-song på dyr eller folk, vart kalla hugging.

## 9. ÅSMUND FREGDEGJEVA

---

### DEL II

---

Tone etter Gudrun Grave Norlund,  
notenedteikning av Ole M. Sandvik

---

Åsmund kjem seg inn i fjøllet, møter  
på mykje merkeleg og urovekkande,  
og finn det han leitar etter.

## 10. DEN VESLE GUTEN

---

Etter Kari Dale

---

Ettersom denne plata er inspirert av arkivopptak og deira spontane, usminka uttrykk, valde eg eit opptak som viser korleis tekstar endrar seg når dei blir munnleg tradert. Seinare fann eg den opprinnelege teksta:

*Den vesle guten uppi bakkjen, med blå trøye,  
snor i hatten, han friar til meg.*

*Lat'n fria, lat'n fria, tru du meg eg skå nok  
bia, eit år eller to*

*Till lill lill uti mogjen, han vekse liksom  
skogjen, då gifter eg meg*

*Her er rosur, her er liljur, her er perlur,  
her er bér.*

*Kom og danse med meg.*

*Fire skilling også ein gut*

*Så lengje strengjine varar ut, så dansar eg  
med min vesle gut.*



Kari ved rokken (joli 1944)



Olav Vestgarden (nabo), Kari og Olav med borna Steinar,  
Kjetil (nabo), Gunnar, Torhild og Imma (Dordi manglar).  
Tatt av Rikard Berge i 1915.

## 11. I KVELD MI JENTE

---

Etter Kari Dale

To siste tekstvers henta frå songboka «Folkeviser frå Telemark», utgjeven av Folkemusikkarkivet i Telemark

## 12. HØYR MEG NO

---

Etter Kari Dale

---

Dette er antageleg ei samansmelting av flere vers frå visa «Ore utum» eller «orde utom» av Jørund Telnes. Her har dama i Trollebotn laga sin eigen vri, dikta litt til og daska det fint saman til eit kort og greitt vers:

*Høy meg no, snille jenta mi, hoss æ det  
i verkelegheta  
Tenkjer du at det kunne bli?  
Det var det eg så gjonne vil' vita  
Eg skulle spørje frå mor og frå far, hot du no  
meg ville gjeva til svar  
Svar meg no, lat det skje,  
Kom med håndi så daskar me te!*

## 13. DENNE DRAMMEN

---

To stev etter Kari Dale, nok ein kar som gjeng rett på sak.

Andre tekstvers frå Rikard Berges handskrifter, henta digitale frå telemarksbilder.no

---

*Å denne drammen eg vi deg skjenke,  
eg tenkte du kunne bli mi jente  
Å denne drammen eg skjenkjer deg,  
fe ein ånå jol skå du skjenke meg  
fe ein ånå jol skå du skjenke meg*

*Eg kan'kje kvede, men eg kan gaule,  
og he du kaldgraut så kan eg maule  
Å he du kaldgraut så set'n fram,  
fe her æ guten som maule kan  
fe her æ guten som maule kan*

## 14. HUGING 2

---

Etter Imma og Dordi Dale

## 15. ÅSMUND FREGDEGJEVA

### DEL III

Tone etter Kari Dale

Åsmund møter Skomegygri

## 16. HEI – NOREG

Tekst av Halvor J. Sandsdalen

Etter Ragnar Haugstøl

Det fins mange bygdeviser om hei, om naturen, om fjell og vatn. Denne skilde seg alltid ut for meg. Då eg skulle lage plata, fann eg ut kvifor. Diktarane var aldri viktige når ein lærte bygdeviser som liten. Tekstane var fellesige, nett som melodiane. Eg visste ikkje at visa er dikta av ein stor Seljordsdiktar. Halvor J. som me kallar han. Sandsdalen gav ut dette diktet i diktsamlinga Mannen og Moldi frå 1946. Min mangeårige lærar Ragnar har sjølv vokse opp i det kreative musikk- og poesimiljøet mellom Trollebotn og Seljord og høyrd denne sunge der.

*Hev du site ved Kroktjønn*

*med kveldsoli glar*

*og sett myrane kalde og rå*

*Kor dei breider seg gulnande,  
mil etter mil?*

*Der stig songjen frå vassgule strå*

*Der syng hei i sin song*

*millom buskar og bar*

*Kvar ein ås heve turrfuro-spir.*

*Det er tårn med klokkur*

*som ringjer deg heim,*

*Du som rotlaus på steingatur strir*

*Der æ vegar i lyngji*

*og eintre på myr*

*og ein kross på ein hallande stein.*

*Det er ein som hev døytt der  
i utgamal tid.*

*Under hella ligg restar av bein*

*Her er rustraude demmur*

*i myrkulpen våt.*

*Det æ Hei-noregs malm, løynd i jord  
her voks havre og bygg,  
vart det laga ei bygd*

*Her er rom for deg, fredlause bror*

Nordbygdi mot Selsjord, 1892



## 17. SKULDALSBRURI

---

Slåttestev etter Olav Flatastaul

---

Olav Flatastaul er frå Rauland, men dette er ein frisk og litt annleis variant av slåttestevet som eg måtte ha med. Flatastaul var forfattar og bladfyk og den siste husmannen i landet. Han var ein sjeldan gåverik sogeforteljar.

## 18. SKULDALSVISA

---

Etter Ragnar Haugstol

Tekst frå viseboka «Millom Fjelli Blå»

---

Ei av dei fyrste bygdevisene eg lærde. Viseteksta er skrive om Signe Skuldalen som vart pressa til å gifte seg med ein kakse. Eit bryllaup som ender i ei jordferd, og ein slått som lever vidare.

## 19. PEDERS GRÅT

---

Orig.tittel Peders Graad, Peders Raad

Tekst av Petter Dass, frå Viser og Rim

Tone etter Kari Dale (vers 4–5) og variant nedteikna av Olea Croger (vers 1–2 og vers 6–7)

---

Petter Dass var ein salmediktar som også forstod seg på livet og folka som vandra på jorda.

Her skildrar han den rå fortvilinga til ein mann som nettopp har mist kona si.

I forordet til visa står det:

«Fremskikket i Brønøens sørge-stue på den dag da Kvinnen, den umistelig matrone, hederlig, ære-, dyd- og Gudsiret og av folk vellyndet Berette Sverdrup ble, ved hjelp av andres fotter, ledsaget fra huset til kirken og etterlatt i sin grav, mett av ære

og

Mannen, den vell-øvet og  
vell-prøvet guds herold og tjener  
velærverdig, hederlig og høylærd  
Mag. Peder Bredal,  
ble, i selskap med andres føtter,  
ledsaget fra kirken tilhuset og  
etterlatt i sitt kammer  
mett av sorg.»

1. *Bort bort, all verdens glede, hvor ofte skal jeg trede  
inn i Betania, at drives til og fra  
Min hjertens ektemake, skal du nu bæres ut  
Skal jeg nu etter smake den beske skilsmis lut*
2. *Iblast alt annet gode som Herren meg  
betrodde  
var du min øyens lyst, nest Gud min del og trost  
Men Adam er utdreven med hast av Paradis  
Akk, jeg er også bleven hufflengt med samme ris*

3. *Med smerte må jeg skue at man går inn i stue  
og drager ut på dør, det beste meg tilhør  
Min venn og husets glede, somsov uti mitt skjod,  
som sat uti mitt sete, og åt utav mitt brod*

4. *Jeg heller vil ombære all verdens gods og ære  
enn slik en edel sjel, som hver mann yndte vel  
Som viste seg at føye og fire for en vind  
Vel går du fra mitt øye, men aldri fra mitt sinn*

5. *O, dersom jeg det visste, jeg deg fra muld og  
kiste  
til live fikk igjen, min hjertens hulde venn  
Jeg spared ei at have for deg, all verdens trang  
Alt skull' min' fingre grave, til blod av negle  
sprang*

6. *Var gull og gods fornøden at løse deg fra  
døden,  
jeg satte straks i pant, gård, grunn og hva jeg  
fant  
Og skulle det ei strekke, jeg skulle hver en klut,  
ja, kjolen av meg trekke, inntil den bare hud*

*7. Hvo\* skal meg hånden byde, hvo skal  
høysetet pryde  
Hvo skal nu med meg gå, min' tanker bort  
at slå  
Hvo skal mitt hus oppakte med god  
forsynlighet\*  
Nu kan jeg først betrakte, min sol er  
gangen ned*

\**Hvem*

\**forutseendehet, klokhet  
(tekst er lett modernisert frå dansk  
skrivemåte)*

## 20. HUGING 3

Etter Kari Dale

## 21. ÅSMUND FREGDEGJEVA

### DEL IV

Tonar etter Gudrun Grave Nørlund og Høye Strand

Den siste delen, då Åsmund og Ermelin  
prøvar å finne seg ein veg ut av fjøllet,  
og over havet tilbake til denne verda.  
Det ventar ei overrasking til slutt.



Olav og Kari med gjester framfor huset på Dale

Produsent: Øyonn Groven Myhren / Lydtekniker: Audun Stripe / Miks og master: Fridtjof Lindeman / Design: Eva Karlsson / Framsidefoto: Idun Emilia Lervik, andre foto utlånt av Seljord Sogelag og familien til Kari Dale / Spela inn i Nesodden Kirke september/november 2019

Produksjonen er støttet av Norsk Kulturfond, FFUK, Creos Vederlagsfond, Stiftinga for folkemusikk og folkedans, Landskappleikfondet 2011 og Seljord Kommune.

Tusen takk til Kari Lønnestad på Telemark folkemusikkarkiv for all hjelp, Anny Fosse (barnebarn til K. Dale) for bilet og info, og Ragnar Haugstøl for introduksjonen til kveding og den levande Seljords-tradisjonen.



TA211CD